DET KONGELEGE FORBRUKAR- OG
ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

STATENS PERSONALDIREKTORAT

PERSONALDIREKTORATETS MELDING NR. 9 N/86 Dato 8.4.86

Til Statsforvaltninga og Riksrevisjonen.

Gjeld Statens personalhandbok pkt. 260.35

RETTING AV PM 8/86 OM "TILTAK VED LOVLEGE KONFLIKTAR"

Den 3. april 1986 sendte vi ut eit rundskriv om "TILTAK VED LOVLEGE KONFLIKTAR", PM 8/86. I kap. B "Utbetaling av lønn, feriepengar og anna godtgjersle til dei som er omfatta av ein arbeidsstans", underpunkt 4 "Sjukdom", har det kome inn ein feil, og dette punktet skal difor takast heilt ut. Nytt punkt 4 skal lyde slik:

4. Sjukdom

Med heimel i lov om folketrygd § 3 - 2 nr. 3 er det gjeve føresegner gjeldande frå 1. april 1985 om sjukepengar ved sjukdom under streik. Det går fram av desse reglane at ein arbeidstakar som er sjukmeldt av lege før ein arbeidsstans er sett i verk, har krav på sjukepengar av trygdekontoret under arbeidsstansen. Arbeidsgjevaren skal derimot ikkje yta noko i denne perioden.

For dei statstilsette er det avtala at staten skal forskottera sjukepengane for folketrygda. Ein gong i året blir det så halde eit sentralt oppgjer der sjukepengane blir betalte tilbake frå folketrygda.

Av denne grunn skal arbeidstakarar som er omfatta av ein arbeidskamp, og som er sjukmeldte når denne blir sett i verk, ha utbetalt lønn frå arbeidsgjevaren så lenge han/ho er sjukmeldt.

Ein arbeidstakar som blir arbeidsuføre etter at ein streik eller lock-out er sett i verk, har ikkje rett til sjukepengar så lenge arbeidsstansen varer.

Etter fullmakt

N. R. Mugaas

Jan Debes

e s trykk Oslo